

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6179 - 23/465

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2023

Landbasert lokalitet Mongstad - Høyring og Uttale Alver kommune

Alver kommune mottok 18.8.2022 søknad om etablering av landbasert anlegg for oppdrett av settefisk og matfisk på land ved Mongstad. Søkjar er ABP Aqua Mongstad AS og samla søknad vart sendt over frå Vestland fylkeskommune, avdeling for Innovasjon og næringsutvikling.

Alver kommune har kunngjort søknaden og lagt den ut til offentleg ettersyn (4.11 – 2.12.2022). I løpet av perioden for høyring har kommunen motteke 2 innspel og merknadar. Innkomne utalar er sendt over til søker 3.1.2023.

Oversikt planstatus

Plansituasjonen i Alver kommune er slik at kommuneplanens arealdel er satt sammen av dei tre arealplanane frå tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy. Arbeid med eigen arealplan for Alver er starta.

Innan for kommuneplanen til Lindås (KPA) er det gjeldande kommunedelplanar (KDP) og for Mongstad-området gjeld «KDP Lindåsneset – Mongstad». Vidare er det utarbeida detaljplan for det aktuelle området kalla «Grøn omstilling Mongstad» med planID 4631-2020-006. Detaljplanen syner at det er lagt ut næringsareal og at innan for delområde B5 er det opna for å drive landbasert oppdrett.

Rammer for bruk av delområdet er mellom anna gjeve i føresegna §§ 4.1.1 og 4.2.6. Vi gjer merksam på at det er krav til rekkjefølgje i kap.6. Viss nokre av desse er aktuelt for dette tiltaket må dei normalt løysast før eller knytt til gjennomføring av tiltak. Dette er ein oversikt over plansituasjonen og svarar naudsyntvis ikkje ut alle rammer og føringar for gjennomføring og bruk av arealet.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Innspel

Alver kommune har motteke 2 innspel og merknadar etter kunngjering og offentleg ettersyn. Desse er frå Equinor og Eide fjordbruk og vedlagt.

Equinor peiker på uavklarte eigedomstilhøve for gjennomføring som omsøkt. Vidare meiner dei det er manglande risikoanalyse som skildrar korleis ein skal eller kan ta i vare sameksistens mellom matproduserande anlegg og forsyningsaktivitet knytt til olje og gass og håper «..det kan finnes gode alternative utforminger og plasseringer til anlegg for landbasert oppdrett.»

Eide fjordbruk, Blom fiskeoppdrett og Engesund Fiskeoppdrett har produksjon på ulike lokaliteter i «Fensfjordbassenget». Dei er uroa over produksjonsvolumet og dei utslepp som kjem som følgje av etableringa. Dei tek opp spørsmål knytt til kapasiteten som resipienten har særleg med tanke på opplyste næringsstoff og vidare den økologiske tilstanden i vassførekomsten på sikt. Vidare om desinfisering av avlaupsvatn, koordinering av brakkleggingsperiodar i fjorden og smittehygienisk risiko.

Vurdering

Dette er fyrste søknaden som gjeld landbaserte anlegg for oppdrett av matfisk som Alver kommune mottek. I høve til plansituasjonen synes denne i utgangspunktet avklart og omsøkte tiltak synes å vere i tråd med plan. Sett frå ein planståstad tenker ein at regulerte kai- og hamneanlegg som ledd i infrastrukturen er attraktive areal og har svært stor verdi. Vedteken detaljplan synes å opne for faste installasjonar svært nær kaikanten. Ein bør sikre størst mogleg område på kaiområde for å leggje til rette for ein fleksibel bruk over tid.

Dimensjon og volum er stort og verknadene for omgjevnadane samla sett er med usikre på. Bakgrunnen for at ein seier dette er at Alver kommune er del i regionalt arbeid med plan for sjøareala. Det utarbeida kunnskapsgrunnlaget brukar nok mykje dei same kjeldene som det synast til her, mellom anna i vedlegg om modellering av i utslepp (DHI) og rapport om Naturmangfold (Multiconsult). Det leggjast til grunn i det felles planarbeidet at den økologiske tilstanden er noko variert, men dels sterkt pressa. Som ein konsekvens av dette, og føringane i mellom anna Vassforskrifta, bygg planarbeidet opp under at miljøtilstanden i vassførekomsten ikkje vert forverra av nye planarbeid eller tiltak. Dette gjeld uavhengig av kva kartleggingar syner i dag og vil ha verknad både for vassmassane og botnsediment.

Vi peiker på dette fordi kommunane har eit ansvar i å bidra til å nå vedtekte miljømål og meiner at samanhengen mellom føringane i vassforskrifta (m.a. §12), og korleis desse vert teken i vare ved gjennomføring av tiltaket, må kome betre fram. Det same gjeld tilhøve knytt til nyleg vedteken handlingsplan for Norhordland vassområde og særskilt om det er tiltak knytt til denne vassførekomsten.

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Hans Kristian Dolmen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Eide Fjordbruk - Uttale til 22-6179 Mongstad 301122
Equinor - Innspel til 22-6179 Mongstad 021222
Equinor - Exchange of land makebytte 221022

Kopi til:

Asset Buyout Partners As	Postboks 1537	0117	Oslo
	Vika		

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
------------------------	---------------	------	--------